



Arkivnr: 2015/5326-1
Saksbehandlar: Arnfinn Rekve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		02.06.2015

Fordeling av investeringsmidlar

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkestinget - Budsjett 2015, der det vert løyvd 10 mill kr til investering i større utstyr ved dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen ønskjer å nytte investeringsmidlar innan studieprogramma Bygg- og anleggsteknikk (BA), samt Teknikk og industriell produksjon (TIP). Dette er særleg kostnadskrevjande program for skulane, både med tanke på vedlikehald og investering i nye maskiner og utstyr. Mange av maskinene som no er i drift ute på skulane, er eldre modellar som bør skiftast ut, både med tanke på den teknologiske utviklinga innan fagområda, krav til læreplan og kompetansemål, og for å sikre ei forsvarleg drift i høve til gjeldande HMT-krav.

Skulane har fått høve til å sende inn søknadar der dei grunngjev eigne vurderingar og behov, samt melde tilbake kva utstyr som vil vere aktuelt, og prisoverslag på eigne ynskje.

Fylkeskommunen mottok søknader frå alle dei 21 skulane som tilbyr studieprogramma (BA og TIP). Til saman utgjorde søknadene ein totalsum på rundt 27 millionar. Etter ein gjennomgang av søknadene har fylkesrådmannen prioritert å fordele midlar mellom totalt 9 skular. Fylkesrådmannen ønskjer å setje av midlar i budsjetta for åra 2016 og 2017 for å kunne gje tilskot til investeringsbehova som er komne fram i denne kartlegginga.

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget slik det ligg føre i saksutgreiinga

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.05.2015

Viser til vedtak i Fylkestinget - budsjett 2015, der det vert løyvd 10 mill kr til investering i større utstyr ved dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen ønskjer å nytte investeringsmidlar innan studieprogramma Bygg- og anleggsteknikk (BA), samt Teknikk og industriell produksjon (TIP). Dette er særleg kostnadskrevjande program for skulane, både med tanke på vedlikehald og investering i nye maskiner og utstyr. Mange av maskinene som no er i drift ute på skulane, er eldre modellar som bør skiftast ut, både med tanke på den teknologiske utviklinga innan fagområda, krav til læreplan, kompetansemål og for å sikre ei forsvarleg drift i høve til gjeldande HMT-krav.

Skulane har fått høve til å sende inn søknader der dei grunngjev eigne vurderingar og behov, samt melde tilbake kva utstyr som vil vere aktuelt, og prisoverslag på eigne ynskje.

Vi mottok søknader frå alle dei 21 skulane som tilbyr studieprogramma BA og TIP. Til saman utgjorde søknadene ein totalsum på rundt 27 millionar. Etter ein gjennomgang av søknadene har vi prioritert å fordele midlane mellom totalt 9 skular. Fylkesrådmannen ønskjer å setje av midlar i budsjetta for åra 2016 og 2017 for å kunne gje tilskot til investeringsbehova som er kome fram i denne kartlegginga.

Oppsummeringa av alle skulane sine ynskjer og behov er som følgjer:

Årstad vgs

TIP: Manglar undervisningsmaterieil for Pneumatikk. Viser til læreplanen for TIP (Vg1) og PIN (Vg2) der undervisning innan dette fagområdet er ein del av pensum. For å oppfylle kravet i læreplanen har Årstad allereie bestilt utstyr til oppretting av eit laboratorium som skal nyttast i undervisninga. Det blir vist til at dette utstyret er så kostbart at innkjøpet vil ha negativ innverknad på behovet i anna undervisning i komande skuleår.

Kostnad inkl. MVA: 750.000,-

Slåtthaug vgs

TIP: Utfordringar med to fresemaskiner som stadig må reparerast. Manglar to dreiebenkar til undervisninga. Det blir også vist til at skulen manglar løfteutstyr i høve til læreplan, og skulen ynskjer å få på plass ein kran til dette arbeidet. Skulen har sjølv investert i 2 nye dreiebenkar i inneverande år.

Kostnad inkl. MVA: 1.050.000,-

Austevoll vgs

TIP/MAR: Det meste av utstyret ved skulen er frå 70-åra med unntak av 3 dreiebenkar og ei søylebore-maskin. Skulen har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet og ventar pålegg om stans av fleire maskiner som ikkje held dagens krav til tryggleik.

Kostnad inkl. MVA: 1.000.000,-

Osterøy vgs

TIP: Skulen har over lengre tid hatt utfordringar med sine dreiebenkar og søyleboremaskiner. To av dei manuelle fresane er stengde av verneombod og rektor. Dei ventar tilbakemelding frå Arbeidstilsynet etter tilsyn på resterande maskinpark. Osterøy skildrar ei løysing der dei får bytta inn gamle dreiebenkar hjå tidlegare leverandør med nye moderne benkar mot eit mellomlegg i prisen.

Kostnad inkl. MVA: 1.000.000,-

Odda vgs

TIP: Skulen har levert ei omfattande liste med maskiner og utstyr som dei ynskjer å skifte ut. Viser til kompetansemål og læreplan, særleg med tanke på innkjøp av utstyr innan fagområda Pneumatikk og Kjemiprosess der dei ikkje har det naudsynte utstyret pr. i dag.

BA: Ønskjer ny bil, gamal bil vert erstatta med el-bil, men denne er for liten til å frakte heile klassar. Manglar både dreiebenk og søyleboremaskin i undervisninga.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 1.720.000,-

BA: Kostnad inkl. MVA: 1.240.000,-

Total inkl. MVA 2.960.000

Askøy vgs

TIP: Skulen manglar til liks med fleire andre skular utstyr til undervisning i Hydraulikk og Pneumatikk som er ein viktig del av læreplanen. Skulen har også nokre eldre fresar som ikkje oppfyller krava til tryggleik, samt behov for reparasjon av andre maskiner.

BA: Ynskjer ein del utstyr og verktøy til byggfag, både utskifting av eldre modellar og anskaffing av nytt utstyr som skulen manglar. Noko av utstyret som manglar er vesentleg for å nå kompetansemåla innan fagområdet.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 1.125.000,-

BA: Kostnad inkl. MVA: 365.000,-

Total Kostnad 1.490.000,-

Voss vgs

TIP: Manglar til liks med fleire andre skular utstyr innan fagområdet Hydraulikk.

BA: Viser i sin søknad til nye HMS-krav og slitasje på gammalt utstyr, samt eit auka behov for meir utstyr.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 590.000,-

BA: Kostnad inkl. MVA: 170.000,-

Total eks. MVA 760.000

Rubbestadneset vgs

TIP: Skulen viser til manglande og utslitt utstyr. Fleire av maskinene tilfredsstillar ikkje dagens krav ift HMT og læreplanar. Ynskjer m.a. brennbord, dreiebenkar og fres.

Kostnad inkl. MVA: 1.100.000,-

Bergen Maritime vgs

TIP: Søknaden inneheld ei omfattande liste av utstyr og maskiner som skulen ynskjer å skifte ut/kjøpe inn. Skulen har også ein del kostnader knytt til innreiing av nye verkstader i samband med flytteprosessen Bergen Maritime vgs no er inne i. Utover dette manglar skulen utstyr innan fagområda Hydraulikk og Pneumatikk. Det er også behov for vedlikehald av skulebåt, samt ynskje om kjøp av ny dreiebenk.

Kostnad inkl. MVA: 2.860.000,-

Laksevåg vgs

TIP: Laksevåg vgs opprettar hausten 2015 ei ny yrkesfagleg klasse Vg1. Hausten 2016 vert dette vidareført med ei nyoppretting av yrkesfagleg klasse Vg2. I høve nyopprettinga treng skulen å kjøpe omfattande og variert utstyr, verktøy og inventar til drifta.

BA: Skulen ynskjer også å oppgradere ein del utstyr og verktøy på dette studieprogrammet. Særleg er nytt stillas ynskjeleg, saman med anna sikkerheitsutstyr til undervisninga.

TIP: *Kostnad inkl. MVA: 1.790.000,-*
 BA: *Kostnad inkl. MVA: 840.000,-*
Total inkl. MVA 2.630.000

Etne vgs

TIP: Ynskjer stønad til ei maskin som kan foreta feilsøking og reperasjonar på airconditionanlegg i køyretøy.

Kostnad inkl. MVA: 50.000,-

Norheimsund vgs

TIP: Manglar diverse maskiner og verktøy til opplæring i produksjon

BA: Manglar diverse maskiner, verktøy og stillas til opplæring i produksjon

TIP: *Kostnad inkl. MVA: 500.000,-*
 BA: *Kostnad inkl. MVA: 230.000,-*
Total inkl. MVA 730.000

Sotra vgs

TIP: Ynskjer mellom anna å byte ut ein dreiebenk som er ute av drift med bakgunn i manglar til sikkerheitskrav. Ynskjer også å byte ut gamal fres og platesaks grunna slitasje og krav til sikkerheit. Utover dette har skulen ynskje om stønad til fleire undervisningsmodellar og ein motorsykkel. Dei ynskjer også ein 3d-printer til undervisninga i TIP-faget.

BA: Ynskjer 2 nye tilhengarar

TIP: *Kostnad inkl. MVA: 2.120.000,- 3*
 BA: *Kostnad inkl. MVA 100.000,- 3*
Total Kostnad inkl. MVA 2.200.000,- 2

Austrheim vgs

TIP: Ynskjer å byte ut gamal bandsag, søyleboremaskin og løftebukk. Dette utstyret er gammalt og har behov for utskifting.

BA: Skulen har særleg behov for nytt stillasmateriale. Manglar også handsirkelsager og har behov for ny tilhengar.

TIP: *Kostnad inkl. MVA: 290.000,-*
 BA: *Kostnad inkl. MVA: 110.000,-*
Total inkl. MVA 400.000

Os vgs

TIP: Ynskjer tre nye dreiebenkar, samt apparat til praktisk opplæring i klimaanlegg. Frå før har skulen 3 dreiebenkar frå 1998, men desse er no slitte, i tillegg til at det ikkje lenger finst reservedelar til desse.

BA: Byggfaglinja ved skulen tek i stor grad på seg praktiske utandørs byggeoppdrag i undervisninga, grunna overbelastning på verkstaden ved skulen. Dette medfører at verktøy og utstyr vert raskare slitt enn om undervisninga føregjekk i klasserom. Skulen har søkt midlar til å dekkje eit utval av mindre utstyr og verktøy, samt til oppgradering av stillasutstyr.

TIP: *Kostnad inkl. MVA: 1.160.000,-*

BA: *Kostnad inkl. MVA:* 520.00,-
Total inkl. MVA 1.680.000

Fusa vgs

TIP: Skulen ynskjer diverse tilleggsutstyr til eksisterande maskiner ved skulen, samt midlar til kjøp av enkelte mindre maskiner.

Kostnad inkl. MVA: 580.000,-

Åsane vgs

TIP: Skulen har levert ei omfattande liste med utstyr og maskiner det er behov for. Det vert presisert at skulen ber preg av at investeringar innan TIP-faga har vore nedprioriterte med bakgrunn i at Åsane vgs har vore førebudd på flytting i fleire år. Skulen har i tillegg til ordinær drift også ansvar for fengselsundervisninga i Hordaland. Det er eit særleg ynskje frå skulen at ein får tildelt midlar til utstyr for denne elevgruppa.

BA: Utstyret på denne studieretninga er gammalt og utslitt. I tillegg har Åsane vgs i seinare tid vorte tilført 2 KEM-klassar. Det vart ikkje tildelt ekstra støtte i samband med oppretting av desse klassene. Skulen har sendt inn ei liste der dei primært ynskjer midlar til investering i diverse verktøy og mindre utstyr.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 1.080.000,-

BA: Kostnad inkl. MVA: 230.000,-

Total inkl. MVA 1.310.000

TIP fengselsundervisninga: Kostnad inkl. MVA: 910.000,-

BA fengselsundervisninga: Kostnad inkl. MVA: 270.000,-

Total inkl. MVA 1.180.000

Total inkl. MVA for Åsane vgs 2.490.000

Knarvik vgs

TIP: Skulen har levert ein svært omfattande søknad med ynskje om tildeling av midlar til større maskiner og utstyr til ordinær undervisning. Skulen har også ei TIP-avdeling 1HTA der det er fleire ynskje for tildeling av midlar til mindre investeringar.

BA: Skulen har behov for midlar til investering i diverse utstyr og maskiner. I tillegg til ordinær undervisning har skulen også fleire klasser med tilrettelagt opplæring innan BA (HT og HTA). For HT-klassene er det ynskje om tildeling av midlar til mindre kjøp. For HTA-klassene er det meir omfattande ynskje om midlar til diverse undervisningsutstyr, samt ny bil.

TIP ordinære: Kostnad inkl. MVA: 2.060.000,-

TIP HT: Kostnad inkl. MVA: 50.000,-

Total inkl. MVA 2.110.000

BA ordinær: Kostnad inkl. MVA: 430.000,-

BA HT: Kostnad inkl. MVA: 50.000,-

BA HTA: Kostnad inkl. MVA: 1.050.000,-

Total inkl. MVA 1.530.000

Total inkl. MVA for Knarvik vgs 3.640.000

Kvinnherad vgs

TIP: Skulen har levert ei omfattande liste med ynskje om stønad til relativt store og dyre maskiner. Det blir vist til at dei to dreiebenkane skulen no nyttar i undervisninga, i tillegg til vertikalfresen, er over 50 år gamle. Det er også ønskeleg med midlar til boreslipar og anna utstyr.

BA: Skulen viser til gammalt og utdatert utstyr og grunnleggjend behovet med at oppdatering av utstyret er viktig for å levere undervisning i høve til læreplan. Skulen har levert ei kort liste med ynskje om midlar til relativt rimelege maskiner og utstyr.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 1.670.000,-
BA: Kostnad inkl. MVA: 450.000,-
Total inkl. MVA 2.120.000

Arna vgs

TIP: Arna vgs ynskjer å få tildelt midlar til utskifting av den eldste fresemaskina ved skulen som er frå 70-åra. I tillegg ynskjer skulen midlar til kjøp av ein CNC-fres.

BA: Skulen ynskjer å byte ut gamal kranbil. Noverande bil er utslitt og for liten i undervisningssamanheng.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 1.145.000,-
BA: Kostnad inkl. MVA: 625.000,-
Total inkl. MVA 1.770.000

Stord vgs

TIP: Dei fleste maskinene ved skulen er frå 70-talet, og trongen for fornying er såleis stor. Den eldste fresen vart øydelagt for ei stund sidan, og det er umogeleg å få tak i delar til reparasjon av denne. Skulen ynskjer difor fyrst og fremst å få tildelt midlar til innkjøp av ny fres.

BA: Skulen ynskjer midlar til innkjøp av nytt stillassystem. Noverande system fungerer greitt, men det er lite fleksibelt og brukarvenleg sett i høve til tal elevar og bruksområde kor ein ynskjer å nytte dette.

TIP: Kostnad inkl. MVA: 540.000,-
BA: Kostnad inkl. MVA: 380.000,-
Total inkl. MVA 920.000,-

Prioritert fordeling av midlar

Opplæringsavdelinga har i sin gjennomgang av søknadene prioritert tildeling av midlar til skular der det er eit særleg behov for utskifting av gamle maskiner og utstyr. Typisk for desse maskinene er at sikkerheita er dårleg, i tillegg til at ein ikkje lenger får tak i delar til reparasjonar. I tillegg har vi prioritert å avsetje noko av midlane til dei største skulane der behovet for investeringar er størst, samt skular der tilrettelagt undervisning eller prosjekt knytt til undervisninga tilseier at tiltaka er særleg krevjande.

Etter ein gjennomgang av søknadene er prioritert fordeling av midlane mellom totalt 9 skular som følgjer:

Austevoll vgs

Det meste av utstyret til TIP-undervisninga på skulen er frå slutten av 70-talet. Skulen har nyleg hatt tilsyn, og det er venta at Arbeidstilsynet vil kome med pålegg om setje fleire av maskinene ut av drift, med bakgrunn i krav til HMT.

Skulen har søkt om tildeling av midlar på til saman om lag kr. 1.000.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane som er nemnd i søknaden frå Austevoll.

Austvoll får tildelt kr. 900.000,-

Os vgs

Skulen ynskjer primært å få tildelt midlar til kjøp av tre nye dreiebenkar til TIP. Benkane som no vert nytta, er så gamle at ein ikkje lenger får tak i reservedelar til reparasjon av desse.

Ved byggefaglinja på skulen føregår mykje av undervisninga gjennom byggeprosjekt utandørs, noko som medfører ekstra slitasje på verktøy og utstyr. Skulen har søkt om midlar til å dekkje eit utval av mindre utstyr og verktøy, samt til oppgradering av stillasutstyr.

Skulen har søkt om tildeling av midlar på til saman om lag kr. 1.680.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane som er nemnd i søknaden frå Os vgs.

Os vgs får tildelt kr. 1.200.000,-.

Stord vgs

Dei fleste maskinene ved skulen er frå 70-talet, og trongen for fornying er såleis stor. Den eldste fresen vart øydelagt for ei stund sidan, og det er umogeleg å få tak i delar til reparasjon av denne. Skulen ynskjer difor fyrst og fremst å få tildelt midlar til innkjøp av ny fres.

Skulen har søkt om tildeling av midlar på til saman om lag kr. 920.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje skulen sitt behov for innkjøp av ny fresmaskin.

Stord vgs får tildelt kr. 700.000,-.

Osterøy vgs

Skulen har over lengre tid hatt utfordringar med sine dreiebenkar og søyleboremaskiner. To av dei manuelle fresane er stengde av verneombod og rektor. Dei ventar tilbakemelding frå Arbeidstilsynet etter tilsyn på resterande maskinpark. Osterøy skildrar ei løysing der dei får bytta inn gamle dreiebenkar hjå tidlegare leverandør med nye moderne benkar mot eit mellomlegg i prisen.

Osterøy får tildelt kr. 900.000,-.

Kvinnherad vgs

Skulen viser i sin søknad til at vertikalfresen og dei to dreiebenkane skulen no nyttar i TIP-undervisninga, er over 50 år gamle. Maskinene manglar påkravd sikkerheitsutstyr, og det er naudsynt at desse vert skifta ut. Skulen manglar også utstyr til kutting av stål og andre material.

Også ved studieprogrammet BA slit skulen med gammalt og utdatert utstyr som gjer det vanskeleg å levere undervisning i høve til læreplan. Skulen har levert ei kort liste med ynskje om midlar til relativt rimelege maskiner og utstyr.

Skulen har totalt sett for TIP og BA søkt om tildeling av midlar på til saman om lag kr. 2.120.000,-.

Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane med maskiner og utstyr som er nemnd i søknaden frå Kvinnherad vgs.

Kvinnherad vgs får tildelt kr. 1.300.000,-.

Sotra vgs

Skulen har mellom anna behov for å byte ut ein dreiebenk som er ute av drift grunna manglar i høve sikkerheitskrav. Det er også behov for å byte ut gamal fres og platesaks grunna slitasje og krav til sikkerheit.

Skulen har totalt sett for TIP og BA søkt om tildeling av midlar på til saman om lag kr. 2.200.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane kring maskiner og utstyr som er nemnd i søknaden.

Sotra vgs får tildelt kr. 1.100.000,-.

Knarvik vgs

Knarvik vgs er i ei særstilling blant skulane når det gjeld tal elevar og tilbod innan TIP og BA. Skulen har levert ein svært omfattande søknad med ynskje om tildeling av midlar til større maskiner og utstyr, både med bakgrunn i krav til sikkerheit og behov for nytt utstyr innan dei forskjellige programområda. Skulen har i tillegg til ordinær TIP-undervisning også ein 1HTA TIP-avdeling der det er fleire ynskje om tildeling av midlar til mindre investeringar.

Til undervisning i BA har skulen også behov for midlar til investering i diverse utstyr og maskiner. I tillegg til ordinær undervisning har skulen fleire klassar med tilrettelagt opplæring innan BA (HT og HTA). For HT-klassene er det ynskje om tildeling av midlar til mindre kjøp. For HTA-klassene er det meir omfattande ynskje om midlar til diverse undervisningsutstyr.

Skulen har totalt sett for TIP og BA søkt om tildeling av midlar på om lag kr. 2.100.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane kring behovet for oppgradering av maskiner og utstyr som er nemnd i søknaden frå Knarvik vgs.

Knarvik vgs får tildelt kr. 1.200.000,-.

Laksevåg vgs

Laksevåg vgs opprettar hausten 2015 ein ny yrkesfagleg klasse Vg1. Hausten 2016 vert dette vidareført med ei nyoppretting av yrkesfagleg klasse Vg2. I høve nyopprettinga treng skulen å kjøpe inn omfattande og variert utstyr, verktøy og inventar til drifta.

Skulen har totalt sett for TIP og BA søkt om tildeling av midlar på om lag kr. 2.630.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane kring behovet for investeringar knytt til oppretting av ny klasse for TIP Vg1/Vg2.

Laksevåg vgs får tildelt kr. 1.300.000,-.

Åsane vgs

Skulen har fleire gamle maskiner, i tillegg til at det manglar mykje naudsynt utstyr til undervisninga innan TIP. Åsane vgs har i tillegg til ordinær drift også ansvar for fengselsundervisninga i Hordaland. Det er eit særleg ynskje frå skulen at ein får tildelt midlar til utstyr for denne elevgruppa.

Utstyret på BA har også eit stort behov for utskifting. I tillegg har Åsane vgs i seinare tid vorte tilført 2 KEM-klasser. Det vart ikkje tildelt ekstra støtte i samband med oppretting av desse klassene. Skulen har sendt inn ei liste der dei primært ynskjer midlar til investering i diverse verktøy og mindre utstyr for BA.

Skulen har totalt sett for TIP og BA søkt om tildeling av midlar på om lag kr. 2.490.000,-. Fylkesrådmannen har kome fram til at vi vil dekkje dei mest kritiske utfordringane kring behovet for oppgradering av maskiner og utstyr som er nemnd i søknaden frå Åsane vgs.

Åsane vgs får tildelt kr. 1.400.000,-.